




SURNADAL KOMMUNE

HEILHEITLEG RISIKO - OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR SURNADAL KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret 14.02.23



1 Innhold

2	Introduksjon.....	4
3	Bakgrunn og formål	5
4	Særtrekk for Surnadal kommune.....	6
4.1	Geografi	6
4.2	Energiproduksjon og strømforsyning	6
4.3	Politi og Sykehus	7
4.4	Brann- og redning	7
4.5	Vatn og avløpsnett	8
4.6	Veg	8
4.7	Sjøtransport	8
4.8	Industriverksemder	9
4.8.1	Talgø Møre Tre AS	9
4.8.2	Pipelife AS	10
4.9	Forsyningssikkerheit.....	10
5	Råd om eigenberedskp	10
6	Deltakarar i arbeidet og korleis ulike interessenter har vore involvert	11
7	Metode og begrep	12
7.1	Bakgrunn	12
7.2	Risiko	12
7.2.1	Sannsynlegheit.....	13
7.2.2	Samfunnsverdiar og konsekvensar	13
7.2.3	Sårbarheit	13
7.2.4	Usikkerheit.....	14
7.2.5	Styrbarheit	14
7.2.6	Kritiske samfunnsfunksjonar.....	14
8	Identifisering av uønska hendingar.....	15
8.1	Følgande kriterie er lagt til grunn for å identifisere uønska hendingar:.....	15
8.2	Framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar	15
8.3	Hendingar utanfor vår kommune	16
8.4	Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre	17
9	Risikoanalyse og sårbarheitsvurdering	18
10	Framstilling av risiko- og sårbarheitsbildet i 2015 (administrativ revidering i 2018)	19
11	Risiko- og sårbarheitsbildet for aktuelle hendingar i 2023	20
11.1	Storulykke med fleire skadde	21

11.2	Utfall i mobilnettet	22
11.3	Digitalt angrep mot e-kom-infrastruktur	24
11.4	Bortfall av elektrisk kraft, svikt/ stans i energiforsyninga	26
11.5	Flaum i elver og bekker	27
11.6	Ekstremvær – skred.....	29
11.7	Storbrann.....	30
11.8	Atomhending.....	32
11.9	Pandemi.....	33
11.10	Skogbrann som trugar bygningar og anlegg	35
11.11	Pågåande livstruande vald.....	38
11.12	Kritiske samfunnsfunksjonar: Forsyning av mat, medisinar og drivstoff	40
12	Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar og gjensidig avhengigheit	42
13	Forslag til tiltak i plan for oppfølging	43

2 Introduksjon

Vi veit aldri når ei uønska hending rammer oss som lokalsamfunn, eller kva den uønska hendinga består av. Det vi veit er at uønska hendingar vil skje, og at vi som lokalsamfunn blir utfordra. Å erkjenne dette er ein viktig føresetnad for å skape trygge og gode lokalsamfunn.

Koronapandemien i 2020-2022 og ekstremveret Gyda i januar 2022 med stor flaum i Surna er hendingar som kommunen måtte handtere. Vi har sett at nettkriminelle angriper datamaskiner og nettverk. Med krigen i Ukraina vart plutseleg spørsmålet om tilgang på jodtablattar i tilfelle radioaktive utslepp høgst aktuelt. Som organisasjon skal vi vere førebudd på å handtere slike uønska hendingar, og vi skal bidra til å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar.

Formålet med å utarbeide ein heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse er å etablere ei felles forståing av risikobildet og behovet for beredskap i den nye kommunen.

Surnadal kommune vedtok ei heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse i 2002. Det var hovudrullering av planen i 2008 og 2015. Oppstarten av denne rulleringa av heilheitleg ROS-analyse vart oppstarta i 2019 og slutført i januar 2023. Planarbeidet har vore sett på vent i ei krevande tid med oppfølging av pandemien. Kommunens grunnleggande ansvar har vore å beskytte befolkninga og oppretthalde tenester og funksjonar dei siste to åra.

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2023 heiter det at:

«Heilheitleg ROS-analyse skal leggst til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Surnadal kommune sin ROS-analyse gir ei god oversikt over risiko og sårbarheit. Vi har ein infrastruktur og busetting som er godt rusta med tanke på beredskap og samfunnssikkerheit. Det viktige er fortsatt god planlegging som førebygger uheldige hendingar.»

Som mål har vi sett at i 2032 skal vi har eit «klimatilpassa samfunn som skal kunne takle ekstreme verendingar, geofarar, flaum og havstigning.»

Bevisstheit og kunnskap om risiko og sårbarheit gjennom kommunens heilheitlege risiko- og sårbarheitsanalyse (heilheitleg ROS) dannar grunnlaget for kommunens arbeid med å redusere risiko- og sårbarheita gjennom forebyggjande arbeid og styrka beredskap. I tillegg peiker DSB på viktigheita av *eigenberedskap* slik at innbyggjarane er best muleg forberedt på kva dei skal gjere dersom strømmen blir borte eller dei blir isolert av veret i fleire dagar. Dette blir omtala ytterlegare i kapittel 5 i rapporten.

3 Bakgrunn og formål

Surnadal kommunes heilheitlege ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse) bygger på metodikken som er beskrive i [Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen 2022](#) utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i oktober 2022 og i rettleiaren for oktober 2014. Ein del av arbeidet med ROS-analyse består i å innhente grunnlagsinformasjon frå nasjonalt og regionalt nivå til lokalt einingsnivå. Vurderingar og konklusjonar som kjem fram av desse ligg til grunn i mange av kommunens vurderingar.

Den heilheitlege risiko- og sårbarhetsanalysen skal imøtekomme krav gitt i [sivilbeskyttelsesloven \(2010\)](#) og [Forskrift om kommunal beredskapsplikt \(2011\)](#). Dette innebærer at analysen skal gi ei oversikt over kva for uønska hendingar som kan inntreffe, sannsynlegheita for at desse kan inntreffe og korleis dei kan påverke kommunen.

Den heilheitlege risiko- og sårbarhetsanalysen skal imøtekomme krava i Lov om kommunal beredskapsplikt (sivilbeskyttelsesloven) og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

- Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen.
- Risiko og sårbarheit utanfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen.
- Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorer kan påverke kvarandre
- Serlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- Kommunens evne til å oppretthalde si verksemd når den blir utsett for ei uønska hending, og evna til å gjenoppta si verksemd etter at hendinga har skjedd
- Behovet for befolkningsvarsling og evakuering

Analysen har i utgangspunktet eit kommuneperspektiv, men omfattar til ein viss grad verksemdar utanfor kommunens grenser som kan påverke kommunen. Analysen har hovudfokus på større hendingar som har eit omfang som gjer at kommunens kriseleiing blir involvert. Hendingane gjeld kriser som skiller seg vesentleg ut frå hendingar som blir handtert i det daglege, utan behov for ekstraordinær innsats. Større hendingar vil i denne samanhengen kunne berøre eit stort antal personar, fleire sektorar og krev ein ekstraordinær og koordinert innsats, spesiell kompetanse og langvarig innsats.

I [nasjonal trusselvurdering \(NTV\) for 2022](#) og [FNs klimapanel \(2021-2022\)](#) blir det vist til globale scenario som bør viast merksemd:

- Ekstremver som heitebølger og ekstremnedbør.
- Menneskeskapte hendingar på grunn av terror og sabotasje.

Nasjonalt sett har det dei siste åra vore store utfordringar knytt til den langvarige pandemisituasjonen og hendingar med ekstremnedbør og bortfall av strøm og elektronisk kommunikasjon.

Som ein følge av at samfunnet blir digitalisert, aukar også trusselen for digitale angrep som kan skade og forstyrre viktige datasystem i både næringsverksemdar, statlege og kommunale verksemdar. Både privat næringsliv og det offentlege har blitt ramma, og det er viktig at verksemdar kartlegg korleis bortfall av elektronisk kommunikasjon vil kunne ramme den enkelte bedrift og verksemd. Villa handlingar er vanskeleg å forutsjå, og metodar for å kunne påføre skade er mange.

Nye utbrot av pandemi blir i denne analysen sett som svært sannsynlege scenarioa, tett etterfølgd av naturhendingar som følge av ekstremnedbør eller tørkeperiodar. Vi kan også bli sterkt påverka av andre typar kriser som eit resultat av hendingar eller krig i Europa og resten av verden. Det blir i den samanheng vurdert som viktig å utarbeide nye risiko- og sårbarheitsanalyser for følgande scenario:

kornmangel/ matvaremangel

mangel på elektrisk kraft eller fossilt drivstoff, prioritet for kommunale køyretøy.

Politisk og administrativ leiing har ansvar for at kommunens verksemdar følger opp beredskapsarbeidet med eit godt tilpassa kriseplanverk med velfungerande krisestabar som utfører jamnlege beredskapsøvingar.

4 Særtrekk for Surnadal kommune

4.1 Geografi

Surnadal kommune grenser i nord mot Heim, i aust mot Rindal, i sør mot Oppdal og i sørvest mot Sunndal. Over fjorden i nordvest ligg Tingvoll kommune. Kommunen har eit areal på 1 366,05 km².

Kommunen består av fleire dalar der Surnadalen er hovuddalen. Kommunen har fleire fjordar, frå nord til sør, Bøfjorden og Åsskardfjorden, Hamnesfjorden, Surnadalsfjorden, Stangvikfjorden og Todalsfjorden. Elva Surna renn gjennom Surnadal frå Rindal og vestover før den renn ut i Surnadalsfjorden.

Kommunen er topografisk prega av djupe dalar og fjordar. Store område ligg under marin grense og må vurderast som aktsomheitsområde for kvikkleire.

4.2 Energiproduksjon og strømforsyning

I 2015 fikk Statnett konsesjon fra Norges- vassdrags og energidirektorat (NVE) for utbyggingen av ny 420 kV ledning fra Surna til Viklandet (tidligere omtalt som Trollheim-Viklandet). Surna transformatorstasjon er vesentleg i den samanheng.

Bakgrunnen for prosjektet er å auke kapasiteten i nettet i regionen for å handtere ei aukande nord-sør flyt av strøm, som følge av utbygginga av Åfjord-Snilldal. Og med ein kapasitetsauke vil ein auke forsyningssikkerheita i regionen og det vil styrke arbeidet med å legge til rette for elektrifiseringa av samfunnet.

Den nye ledninga skal erstatte den eksisterende 300 kV ledninga på den cirka 47 kilometer lange strekninga. Den nye ledninga skal gjenbruke deler av traseen til dagens 300 kV ledning, og denne må derfor rivast før 420 kV ledninga blir sett i drift.

Mykje av dagens leidningsnett i Norge er for svakt for å møte framtidens behov for sikker strømforsyning. Eit viktig tiltak på vegen mot neste generasjon sentralnett er å auke spenninga i nettet frå 300 til 420 kV, omtalt som spenningsoppgradering.

4.3 Politi og Sykehus

Det er viktig at det er tilstrekkeleg tilgang til politi- ambulanse- og legetenester m.m. Det er ein politistasjon i kommunen og to døgnbemanna ambulansar. I nabokommunane Rindal og Heim er det 1 døgnbemanna ambulanse. Næraste sjukehusa er i Molde, Kristiansund, Orkdal og St. Olavs i Trondheim.

Surnadal kommune er del av legevaktsamarbeidet i Orkdals-regionen. Kommunane som høyrer til dette legevaktsamarbeidet har og etablert eit eige beredskapsnettverk

For at ambulansetenesta skal fungere, er ein avhengig at vegane er opne. Under uveret Gyda 13.01.22 var både fylkesvegane stengt mellom Skei og Rindal, samtidig som E 39 ved Vinjeøra også var stengt. Forutsatt at værforholda er gode nok kan ambulansehelikopter nyttast. I brev datert 24.04.2015 har Stiftelsen Norsk Luftambulanse – Region Midt fått melding om at Surnadal kommune foreslår busshaldeplassen ved Øye kyrkje (Øye skuleområde) som landingsplass for helikopter.

4.4 Brann- og redning

Surnadal kommune har eige brannvesen. Den godt oppdaterte brannstasjonen ligg i moderne lokale i Røtet. Det er og brannvesen i Todalen og på Kvanne. Kommunane Heim og Rindal har og eigne brannvesen. Kommunen har ein gjensidig bistandsavtale med desse, og slik kan brannvesena hjelpe kvarandre etter behov.

Utrykkingstida for brannvesenet er mindre enn 10 min. til Surnadal sjukeheim. Det er og brannstasjon i Todalen og Kvanne og nytt branndepot i Bøfjorden frå 1. oktober 2022. Vi når alle områda i kommunen i løpet av 30 min.

Kommunen har god vasskapasitet for slokking over alt der det er framkomeleg med køyretøy. Brannstasjonen i Røtet har eit hovudkøyretøy med ein 3 000 liters tank og 200 liter skum og ekstra tankbil med 12 500 liter kapasitet.

Kvanne og Todalen har mannskapsbilar. Om brannvesenet treng meir kapasitet, kan ein rekvirere brannvesenet i Rindal og Heim eller andre kommunar i regionen.

4.5 Vatn og avløpsnett

Det er 13 kommunale vassverk i kommunen. Om lag 50% av innbyggjarane i kommunen har offentleg vassforsyning. Det er utarbeidd eigne ROS-analyser og beredskapsplanar for vassverka i kommunen.

4.6 Veg

Det er fylkeskommunen som er eigar av fylkesvegane. Kommunen har 100 km med kommuneveg. Det er også ein del private vegar. På fleire av vegane er det ikkje omkøyringsmulegheiter. Uveret Gyda i januar 2022 viste at vi er sårbare med omsyn til at vatnet går over vegbanen. Både fylkesvegane i retning Rindal var stengt store delar av dagen den 13. januar i 2022. Dette medførte at elevane vart sendt heim frå skulen tidleg på dagen før stenging, og tilsette vart vist til hotellet for overnatting.

4.7 Sjøtransport

Surnadal hamn er eit bulk og stykkgoedsanlegg. Det er berekna årleg opptil ca. 170 anløp av skip med ISSC sertifikat. Hamneanlegget har skip i internasjonal trafikk, og kan vere eit aktuelt transittpunkt for smuglarar og blindpassasjerar/migrantar. Hamneanlegget utfører maritime operasjonar bulk, container, general cargo, Ro-Ro, cruise og waiting berth.

Ammoniumnitrat blir lasta/lossa og blir mellomlagra i hamneanlegget. Brann i ammoniumnitrat kan medføre skade på liv og helse. Ved anløp kan det vere opptil 5 eige personale i hamneanlegget. Det blir vurdert å kunne vere opptil maksimalt ca. 17 personar til stades i hamneanlegget ved anløp.

Dersom det under interaksjon med personell, eller mottak av last, køyretøy, forsyning, reservedelar, uledsaget bagasje, avfall fra skip m.m. er grunn til mistanke om forsøk på tilsikta uønska handlingar, skal mistanke avklarast. Ved svak mistanke skal ein utføre visitasjon eller gjennom søk med nærare undersøking av person/gjenstand. Ved sterk mistanke skal politiet varslast, og adgang nektast inntil kontroll er utført av riktig myndigheit. Det skal ikkje bli gjeve adgang til havneanlegget dersom det føreligg mistanke.

4.8 Industriverksemder

Pipelife Norge og Talgø MøreTre er to store og viktige industribedrifter i Surnadal kommune, som har innsatsfaktorar og produksjonslinje som er av interesse i beredskapssamanheng.

Både bedriftene har eige industrivern. Surnadal brannvesen har tett kontakt med både industriverna og det blir øva regelemssig saman med dei. Brannvesenet går «kjentmannsrunde» på både plassane regelmessig.

4.8.1 Talgø Møre Tre AS

Brann i sorterverket:

Sorterverket er i dag ombygd til eit nytt royalanlegg og der gjeld det same angående lekkasje til grunnen som i dei andre royalanlegga.

Brann i høvleriet:

Det startar med varmgang i høvel, gnist i avsug som igjen startar brann i dette miljøet. Viss brannen spreier seg frå høvel til andre dalar av høvleriet vil dette sette avdelinga ut av drift for lengre tid. Brann kan spreie seg til flissilo. Hendinga er vurdert som sannsynleg, og kan vere farleg for personar og miljøet og katastrofal med tanke på økonomiske verdier.

Sidan 2015 er det installert Firefly brannslukningsanlegg på både høvellinjene. Dette anlegget består i detektering av varmgang på alle spindlar og matevalsar med vasståkeslukking. Likeså gjeld dette for sjølve høvelrommet for både høvellinjer. I tillegg til dette har vi installert Autronica's aspirasjons- og linjedetektering med tilhøyrande varslings. Så har vi også fått OnSite Security's kameraovervåking 24/7 med tilhøyrande skumslukking i form av fjernsyrt via OnSite-sentralen på Hamar som kan anvende slukkekanonar på dei mest utsette maskinstasjonane. I tillegg ringer dei lokalt brannvesen og utvalt nøkkelpersonell på Møretre om dei får alarm på sitt anlegg. Det er også installert ein brannslukningssentral frå OnSite i kranhallen. Her med slange (skum) som når rundt heile kranhallen og store delar av gammalt høvleri. Vidare har bedrifta mobile 50-l tankar med same type skum. Og ein brannhengar (biltilhengar) som kan flyttast både med hengerkrok på bil eller truckgaflar. Denne hengaren er mobil og kan brukast over heile tomte på Møretre (og i dalføret forøvrig om behovet skulle oppstå).

På samtlege spindlar, motorar og sagblad er det installert EL-Watch sine varme- og vibrasjonsfølarar for registrering av varmgang, både m.o.t. preventivt vedlikehald og brannsikring.

Lekkasje i tankanlegga til royalimpregneringa (m.a. koppar):

Her det oppsamlingsbasseng som skal ta ein eventuell lekkasje i alle tankar. Så her må det vurderast som lite sannsynleg at veska vil renne ut i grunnen og forurense miljøet.

Det blir vurdert som lite sannsynleg at vi får alvorlege hendingar ved verkemder i kommunen, og konsekvensen for menneske er vurdert til **ein viss fare**.

4.8.2 Pipelife AS

Pipelife Norge AS har industrivern på kvar av fabrikkane, som held seg til Forskrift for industrivern - grunnleggande krav gitt av Næringslivets Sikkerhetsorganisasjon (NSO). Industrivern skal vere forsvareleg og effektivt i stand til å begrense dei konsekvensane uønska hendingar kan få for liv, helse, miljø og materielle verdiar og å bidra til rask normalisering.

Industrivernet tel totalt 19 mann og er organisert slik at det heile tida er minst to personar til stades ved verksemda (kveld/natt/helg) som er spesialtrenete til å handtere den første innsatsen ved evt. brann eller førstehjelp.

Bedrifta treng ikkje forsterka industrivern.

Det blir vurdert som mindre sannsynleg at vi får branntilløp på Pipelife, og konsekvensen for menneske er vurdert til **farleg**.

4.9 Forsyningssikkerheit

Innbyggjarane er avhengige av trygg og stabil tilgang på matvarer.

Matforsyningskjedene er samansette og komplekse, noko som introduserer sårbarheiter. Surnadal kommune blir påverka av kva som skjer elles i verda. Pandemien og krigen i Ukraina er døme på dette. Dette gjeld ikkje berre matvarer, men også andre varer som er kritiske, som t.d. medisinsk utstyr, legemidlar, drivstoff og energi.

Covid-19 -pandemien har vist oss kor viktig norsk og utanlandsk arbeidskraft er for å oppretthalde tenester og funksjonar i samfunnet. Personell kan også bli råka på andre måtar, som t.d. ved langvarig streik i ulike sektorar.

Feil kan skje både i fysiske og logiske strukturar i elektroniske kommunikasjonssystem (EKOM). Tilbydarar av EKOM kan ikkje garantere at ekomtenester ikkje fell vekk. Det er derfor naudsynt at vi er medvitne og planlegg for at EKOM er vekke i kortare eller lengre periodar. Kor lenge desse avbrota varer avheng av den spesifikke situasjonen, nettkomponentar og system, vår og vind, og om reservedelar kjem raskt på plass, osb.

5 Råd om eigenberedskap

Dersom straumen blir borte eller ein blir isolert av veret i fleire dagar, bør innbyggjarane vere rusta til å klare seg sjølv nokre dagar. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har konkrete råd til kva ein bør ha heime for å vere førebudd på ei eventuell krise. På sida www.sikkerhverdag.no gir myndigheitene råd om korleis den enkelte innbyggjar kan ruste seg for ulike type hendingar. Myndigheitene anbefaler at alle husstandar bør inneha mat og

utstyr til å kunne klare seg i minst 3 døgn dersom viktig infrastruktur i samfunnet skulle bryte saman. Med eit lite reserverlager av det ein er mest avhengig av – vatn, mat, medisiner og varmekilder – vil dei fleste vere betre rusta for å klare seg sjølv nokre dagar



Foto: DSB

Dei siste åra har sanitetsforeiningane markert dagen med bistand frå kommunen.

6 Deltakarar i arbeidet og korleis ulike interessenter har vore involvert

Ansvarlege for H-ROS analysen er kommunens kriseleiing.

Beredskapskoordinator har leda arbeidet med å utarbeide ROS-analysen.

Det har vore interne møte med helse- og sosialektoren, der kommunalsjef helse- og omsorg og einingsleiarane for einingane sjukeheimen, heimetenesta og helse og familie har delteke saman med kommuneoverlegen og miljøretta helsevern:

- Brannsjefen, IKT-ansvarleg og kommunikasjons- og CIM-ansvarleg har bidratt på sine område.

- Det har vore dialog med nabokommunane Rindal og Heim om kriser som kan oppstå og som kan berøre fleire kommunar. Tankbilvelt og lekkasjar i elv er ei hending som har vore vurdert mellom Rindal og Surnadal.
- Næringslivsbedriftene Talgø AS og Pipelife AS har vore involvert i arbeidet med analyser retta mot næringslivet i kommunen.
- Hendinga bortfall av elektrisk kraft, svikt/stans i energiforsyninga har vore vurdert i møte med beredskapskoordinator hos S-nett AS hos Svorka.
- Hendingane for ras og flom har vore gjennomgått med NVE ved Ivar Fivelstad.
- Vurdering av aktuelle hendingar har vore presentert for hovudutval for miljø, areal og teknikk.
- Brannsjefen i Surnadal brannvesen har bistått i arbeidet med risikovurderingar og utfylling av analyseskjema.
-

Vurderinga av aktuelle hendingar har vore presentert for hovudutval for miljø, areal og teknikk.

Rapporten har vore på høyring i kriseleiinga.

Brannsjefen i Surnadal brannvesen har bistått i arbeidet med risikovurderingar og utfylling av analyseskjemaer.

7 Metode og begrep

7.1 Bakgrunn

DSB sin rettleiar for heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse (2014) i kommunane og ny rettleiar ([2022](#)) dannar grunnlaget for innhaldet i rapporten.

Det har og vore viktig å få oversikt over det som ligg føre av dokumentasjon. Det inkluderer noverande H-ROS-analyse i kommunen og beredskapsplanar, kommuneplanens arealdel og samfunnsdelen i kommuneplanen.

7.2 Risiko

Risiko er en vurdering av om en hendelse kan skje, hva konsekvensene vil bli og usikkerhet knytt til dette.

7.2.1 Sannsynlegheit

Sannsynlegheita blir vurdert ut i frå kor truleg det er at den uønska hendinga vil inntreffe, sjå tabell under.

Sannsynlegheit for at hendinga skal inntreffe i løpet av hundre år	
> 90 %	Svært høg
70-90 %	Høg
40-69 %	Middels
10-39 %	Låg
< 10 %	Svært låg

7.2.2 Samfunnsverdiar og konsekvensar

Når vi skal vurdere dei ulike hendingane sine konsekvensar, blir desse knytt opp mot samfunnsverdiane liv og helse, stabilitet, natur og miljø og materielle verdiar, sjå tabell under.

Befolkningas sikkerheit og trygghet	
Samfunnsverdiar	Konsekvenstypar
Liv og helse	Dødsfall Skadar og sjukdom
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov Forstyrringar i dagleglivet
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø Langtidsskadar på kulturmiljø/kulturminne
Materielle verdiar	Økonomiske tap Samfunnsmessig økonomisk tap

Desse består igjen av ulike konsekvenskategoriar, sjå tabell under:

Konsekvenskategori	
5	Svært store
4	Store
3	Middels
2	Små
1	Svært små
0	Ingen/ ikkje relevant

7.2.3 Sårbarheit

Sårbarheita blir vurdert med utgangspunkt i kommunens evne til å fungere ut i frå den utvalgte hendinga og eventuelle følgehendingar.

7.2.4 Usikkerheit

Usikkerheita knytter seg til om, og eventuelt når, ei bestemt uønska hending vil inntreffe og kva konsekvensane av denne hendinga vil kunne bli. Er relevante data og erfaringar tilgjengelege? Er hendinga/fenomenet som blir vurdert godt forstått? Er deltakarane einige? Viss svaret er "nei" på eitt eller fleire av desse spørsmåla, skal usikkerheita vurderast som høg.

7.2.5 Styrbarheit

Styrbarheita seier noko om i kva grad kommunen kan kontrollere/styre risikoen knytt til ei gitt hending. Kor lett er det å gjennomføre tiltak som reduserer sannsynlegheita for at hendinga kan inntreffe? Kor lett er det å sette i verk tiltak for å redusere konsekvensar av hendinga, eller tiltak for å styrke beredskapen? Styrbarheita kan graderast i ei tredeling: låg, medium eller høg.

7.2.6 Kritiske samfunnsfunksjonar

Kritiske samfunnsfunksjonar er oppgaver som samfunnet må oppretthalde for å ivareta befolkningas sikkerheit og trygghet. Dette er leveransar som dekker befolkningas grunnleggande behov.

Fakta
1. Forsyning av mat og medisiner
2. Ivaretaking av behov for husly og varme
3. Forsyning av energi
4. Forsyning av drivstoff
5. Tilgang til elektronisk kommunikasjon
6. Forsyning av vatn og avløpshandtering
7. Framkommelegheit for personar og gods
8. Oppfølging av serleg sårbare grupper
9. Nødvendige helse- og omsorgstenester
10. Nød- og redningsteneste
11. Kommunens kriseleiing og krisehandtering

Tabell: Kritiske samfunnsfunksjonar

8 Identifisering av uønska hendingar

8.1 Følgande kriterie er lagt til grunn for å identifisere uønska hendingar:

- Uønska hendingar med potensielt store konsekvensar
- Uønska hendingar som berører fleire sektorar/ansvarsområde, og som krev samordning
- Uønska hendingar som går ut over kommunens kapasitet til handtering ved hjelp av ordinære rutinar og redningsteneste
- Uønska hendingar som skaper stor frykt/bekymring i befolkinga

Ei rekke kilder er benytta for å velge ut dei mest aktuelle uønska kriserelaterte hendingane i Surnadal kommune:

- [Nasjonal trusselvurdering 2022](#)
- [Analyse av krisescenarior 2019](#)
- [FNs klimapanel \(2021-2022\)](#)
- [Høyringsutkast FYLKESROS 2022](#)
- Heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Surnadal kommune (vedtatt ...18.06.2015)
- Aktuelle hendingar lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- Tilsette med beredskapsansvar i Surnadal kommune
- Næringslivsbedrifter
- Risiko- og sårbarheitsanalysar i nabokommunane Heim og Rindal

8.2 Framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar

Risiko- og sårbarheitsfaktorar endrar seg i takt med samfunnet. Globalt ser vi aukande frekvensar av menneskeskapte handlingar. Det er sannsynleg at vårt land også vil kunne bli ramma av terrorhandlingar og sabotasje i tida som kjem.

Surnadal har hatt fleire tilfelle av ekstremnedbør, kraftig vind og flaumtilstandar, og ifølge [Klimaprofil Møre og Romsdal](#) vil det i åra framover vere behov for auka tilpasningar til kraftig nedbør og problem med overvatn.

Kommunen kan vere utsett for skogbrann. [FNs klimapanel \(2021-2022\)](#) varslar om ekstremvær som hetebølger og auka tørke om sommaren. Etter sommaren 2018 blei det tydeleg at det varme sommarveret og lynnedslag utan nedbør, kan gi store konsekvensar i form av fleire skogbrannhendingar samtidig.

Samfunnet har gjort seg stadig meir avhengig av elektronisk kommunikasjon. Dette gjeld ikkje berre for å kommunisere med kvarandre, men også i produksjonsprosessar,

alarmsystem, bankverksemd m.m. Tendensen er at vi blir stadig meir avhengig av at dette fungerer. Bortfall av elektrisk kommunikasjon og mobiltelefoni er eigne scenarioar i kommunens heilheitlege ROS.

Som ein følge av at samfunnet blir digitalisert, aukar også trusselen for digitale angrep som hacking og datavirus for å skade og forstyrre viktige datasystem i både næringsverksemd og statlege og kommunale verksemdar. Både privat næringsliv og kommunale einingar kan bli ramma av digitale angrep, og bortfall av elektronisk kommunikasjon kan bli meir dramatisk i åra som kjem. Det digitale angrepet på Østre Toten i januar 2021 viser kor sårbare vi kan vere ved eit hackerangrep på våre datasystem.

Erfaringar frå Covid-19 pandemien har vist kor krevande og langvarig ei pandemihending kan vere. Auka reiseaktivitet medfører auka risiko for smittsame sjukdommar. Hendingar som dette må kommunen ta høgde for vil kunne skje oftare i framtida. Det er viktig å ha løpande fokus på beredskaps- og kontinuitetsplanar samtidig med nødvendig driftshandtering, for å vere rusta til å handtere langvarige alvorlege hendingar.

Surnadal kommune har område med verneverdig tett trehusbebygging, kor trehusbebygginga er sårbar og står tett inntil kvarandre. Kommunen har inga storulykkesbedrifter og dermed begrensa med risikofylt industri. Kommunen har imidlertid fleire sterkt flaumutsette vassdrag.

8.3 Hendingar utanfor vår kommune

Innanfor dei fire risikoområda (naturhendingar, tilsikta hendingar, store ulykker og svikt i kritiske samfunnsfunksjonar) er det hendingar som kan ha utspring frå andre delar av Norge, eller utlandet. Vi lever i ein verden der tenester og funksjonar er avhengige av einannan på tvers av fylkes- og landegrensar. Vi må ta høgde for at det som skjer i verda kan påverke oss. Covid-19-pandemien og krigen i Ukraina understrekar dette.

Dette var da også noko leiar av Forsvarskommisjonen, stasforvaltar Knut Storberget, ga uttrykk for da han gjesta Norsk Kommunedirektørforum i januar 2023. Han sa da at «*Det er for sent å forberede seg den dagen krigen er der. Jeg merker at det er rart å bruke begrepet krig. Men det er viktig at vi med et operativt ansvar evner å tenke den muligheten*».

Storberget sa at Russlands invasjon av Ukraina har ført til auka spenning i våre nærområde. Han viste også til at eit eventuelt svensk og finsk Nato-medlemskap vil gjere Sør-Norge meir sikkerhetspolitisk interessant enn før. I dag har Norge kort grense mot Russland. Den finske grensen mot Russland er derimot lang. Natos yttergrense blir veldig utvida i vårt område. Natos artikkel 5 er ikkje ein kom-og-hjelp-Norge-paragraf. Artikkel 5 er ein allianseparagraf. Det betyr at vi ved hendelser i alliansen må være klare til å rykke ut og bidra. Gitt Norges geografiske plassering, er vi ved et angrep et slags alliertmottak, sa Storberget. Han peika på at sikkerhetspolitikk handlar om meir enn klassisk, konvensjonell krig: Samansette truslar, oppkjøp, kritisk infrastruktur og angrep på desse.

8.4 Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre

Det er viktig å vere bevisst på at ei uønska hending kan utløyse følgehendingar. Eit eksempel kan vere at kraftig snøfall vinterstid kan bidra til at tre kan falle over kraftlinjer og der igjen medføre bortfall av energi. Ledningsnettet kan bli betydeleg ødelagt og reparasjonar vil kunne ta tid på grunn av at det er vanskeleg å kome til. Dette vil igjen kunne påverke forsyning av melk og kjøtt. Kommunens kriseleing må vere spesielt merksam på slike følgehendingar.

[Klimaprofil Møre og Romsdal](#) viser, under eit samandrag av forventa klimaendringar frå perioden 1971–2000 til 2071–2100, med hydrologiske forhold og naturfarar som kan ha betydning for samfunnssikkerheita ([Norsk klimaservicesenter](#)).

MOGELEG VESENTLEG AUKE	
 Tørke	Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren
 Isgang	Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten
 Snøskred	Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område
 Kvikkleireskred	Auka erosjon som følgje av hyppigare og større flaumar kan utløyse fleire kvikkleireskred


SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE	
 Snøsmelteflom	Snøsmelteflaumane vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret

USIKKERT	
 Sterk vind	Truleg lita endring
 Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar
 Fjellskred	Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg

9 Risikoanalyse og sårbarheitsvurdering

I arbeidet er det foretatt vurderingar av kva for hendingar som kan inntreffe, sannsynlegheita for at dei vil inntreffe og kva for konsekvensar desse hendingane kan få. Sårbarheitsvurderinga tar utgangspunkt i systema som blir utsett for hendingar (påkjenningar). Systema kan vere både tekniske delsystem (for eksempel infrastruktur) og større organisatoriske system (som for eksempel ein kommune). Sårbarheitsvurderinga skal seie noko om kor motstandsdyktige systema er for påkjenningar og evna til gjenoppretting. Kva tåler dei, og når svikter dei? Eigenskapar både ved hendinga og systemet som blir ramma påverkar sannsynlegheita for at uønska hendingar kan skje, og kva for konsekvensar desse hendingane får dersom dei inntreffe.

Figuren under beskriv prosessen, frå førebyggjande tiltak til hendingar inntreff, og kva for konsekvensreducerande barrierar som er å finne.



Figur 1: Sløyfediagram som beskriver prosessar før og etter ei uønska hending

10 Framstilling av risiko- og sårbarhetsbildet i 2015 (administrativ revidering i 2018)

Tabellen viser dei hendingane som var vurdert under siste rullering av risiko- og sårbarhetsanalysa i 2015 (med administrativ vurdering i 2018). Surnadal kommune avdekte den gongen ikkje raud risiko, altså ikkje påkrevd umiddelbar handling. Hendingane gjeve gul farge vart og vurdert med omsyn til risikoreduserande tiltak. Dei kvite hendingane handterer ein med eksisterande tiltak.

Tabell: Liste over hendingar basert på risiko, høgast til lågast.

	Risiko
A1	Fjellskred
A2	Lausmasse- og flaumskred
A3	Kvikkleireskred
A4	Snøskred
A6	Flaum
A8	Skog- og lyngbrann
A9	Vindutsette område
B1	Thon Hotel Vårsøg

B2	Pipelife AS
C1	Transport av farleg gods
C2	Forureining frå landbruket
C4	Forureining knytt til oppdrett
F	Terror
G1	Offentlege bygg
G2	Surnadalsøra
G3	Bårdshaugen
I	Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar
J	El-forsyning
K	Drikkevassforsyning
L2	Kulturminne og kulturmiljø
L3	Verneverdige bygningsmiljø
M	Hendingar utanfor kommunen
N	Skogbruk
G4	Behov for befolkningsvarsling
A7	Stormflod
A10	Radon
B3	Statnett og Statkraft sine anlegg i Surnadal
B4	Møre Tre AS
C3	Forureina grunn
D	Elektromagnetisk stråling
E	Dambrot
H	Vegnett
K	Avløpsinstallasjonar
L1	Natur
G1	Fare for at ein ikkje skal kunne nå kriseleiinga ved ei hending
G2	Kommunen si evne til å oppretthalde verksemda
G3	Mottak av evakuerte
G5	Pandemi-fare for at ein ikkje har eit system til å handtere ein pandemi
G6	Styringssystem

11 Risiko- og sårbarheitsbildet for aktuelle hendingar i 2023

Med bakgrunn i dei vurderingane som vart gjort i 2015 og 2018 og nye vurderingar av framtidige scenarier under denne rulleringa, har vi i dette kapitlet gjort meir inngåande vurdering av følgjande scenarier 1-12. Årsakar, tiltak og sannsynlegheita for at dei vil inntreffe. Vidare blir beskrive kva for konsekvensar desse hendingane kan få. Eksisterande risikoreduserande tiltak og forslag til nye og/ eller endra tiltak kjem og fram på skjema.

11.1 Storulykke med fleire skadde

Nr. 1	Uønska hending: Storulykke med fleire skadde							
Beskriving av uønska hending								
Stor trafikkulykke med minibuss								
Årsakar								
Glatt veibane								
Høg hastigheit								
Menneskeleg svikt								
Vanskeleg sikt (tåke)								
Teknisk svikt								
Laus vegskulder								
Unna-manøver for å unngå motgåande køyretøy/viltpåkjørsel/steinsprang								
Rus								
Villet handling								
Eksisterande tiltak (forebyggjande og konsekvensreduserande)								
Skilting av tillatte hastigheit i området. Gode vedlikehaldsrutinar av veg. Bruk av Statens vegvesen sine info-/varslingstavler.								
Sannsynlegheit		A	B	C	D	E	Forklaring	
				X			40-69% sannsynleg at hendinga vil inntreffe i løpet av 100 år	
Begrunning for sannsynlegheit								
Erfaringstall og statistikkmateriale frå Statens vegvesen og Statistisk sentralbyrå.								
Sårbarheitsvurdering								
Begrensa framkommelegheit for redningspersonell og tidsfaktoren vil kunne påverke omfanget av skader og dødsfall. Handtering av ei slik hending vil legge beslag på ressursar frå nødetatane i initialfasen for å berge liv og helse.								
Konsekvensvurdering								
Samfunnsverdi		0	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall			X				1-2 døde
	Skader og sjukdom				X			6 - 10 skadde. Ved en eventuell kollisjon mellom buss og lastebil eller mellom to busser kan vi få et skadeantall på opp mot 100 personer.
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov		X					Avgrensa i tid til under ein dag. Strekninga vil bli stengt i ein kortare periode, og omkjøring kan gjennomførast.
	Forstyrringar i dagleglivet		X					Vegstrekninga kan bli stengt i ein periode.
Natur og miljø	Langtidsskader naturmiljø	X						Ikkje relevant
	Langtidsskader kulturmiljø	X						Ikkje relevant
Materielle verdiar	Økonomiske tap		X					< kr 10 mill.
Samla begrunning av konsekvens								

Storulykke med fleire skadde og serleg der kor det er begrensa framkommelegheit for redningspersonell kan medføre store konsekvensar for liv og helse. Hendinga vil kreve beredskapsressursar i initialfasen, og bidra til at ivaretakinga av nød- og redningstenesta vil vere sårbar ved ei eventuell sekundærhending som hender ved same tidspunkt. Ei hending med alvorleg skadde vil sette store krav til innsatspersonellets handtering av hendinga. Det vil kunne påverke kommunens (brannvesenets) omdømme dersom hendinga ikkje blir handtert på ein god måte frå kommunens/brannvesenets side.		
Behov for befolkningsvarsling		Normalt sett ikkje, men det kan vere behov for å varsle aktuelle som er i, eller er på veg til å kjøre inn området.
Behov for evakuering		Nei
Usikkerheit	Låg	Begrunning
Påverknad av kommunal tenesteproduksjon		Nei, i liten grad
Påverknad av kommunens omdømme		Dersom hendinga blir handtert på ein god måte vil kommunens omdømme ikkje bli påverka.
Styrbarheit	Middels	Begrunning Offentlige myndigheiter kan påverke og bidra til auka trafiksikkerheit.
Overførbarheit		Storulykker med flere skadd kan oppstå ved for eksempel: • Stor vegtrafikkulykke • Båtulykke/ skipsulykke • Flyulykke • Bussulykke • Bygningskollaps
Forslag til nye forebyggjande og konsekvensreducerande tiltak: • Hastighetsrestriksjonar på utsette vegstrekningar ved behov. • Øvingar/samverkeøvingar for nødetatar på aktuelle scenario • Sikre oppdaterte ROS-analyser og beredskapsplaner for nødetatar.		

11.2 Utfall i mobilnett

Nr. 2	Uønska hending: Utfall av mobilnett
Beskriving av uønska hending Utfall av mobilnett medfører at ingen kan ringe, sende SMS eller bruke data i mobilnett. Like før klokken 15.00 tirsdag ettermiddag 10.05.22 blei det meldt om at 90 basestasjoner mellom Kristiansund og Trondheim var ute, som følge av to forskjellige fiberbrudd. Både Telia og Telenor-kunder opplevde problemer på grunn av fiberbruddet. Både Smøla og Surnadal kommune opplyste ifølge NRK om at trygghetsalarmer, som er knyttet opp mot mobildekning, hadde mistet kontakt med sentralen. Surnadal opplyste at de tok i bruk satellittelefoner for å sikre samband, og ba folk som hadde jaktradio om å benytte seg av disse om det skulle oppstå kritiske situasjoner, ifølge NRK. Kommunen ba også folk som hadde trådløs dekning om å bruke wifi-anrop på telefonen, som skal fungere så lenge man er i et område med trådløs dekning.	
Årsaker	

Telekommunikasjon kan svikte som ein konsekvens av uønskte hendingar slik vi har opplevd fleire gonger den siste tida, med naturhendingar som «Dagmar», men og hendingar som fiberbrotet på ved Kvammen 27.01.22 der deler av Øvre Surnadal falt ut og fiberbrota 10.05.22 som førte til at 90 basestasjonar mellom Kristiansund og Trondheim falt ut.

Eksisterande tiltak (forebyggjande og konsekvensreduserande)

- Varsling, Telenors beredskapsplan, Telenors SLA (Service Level Agreement), kommunal beredskapsplan, fylkeskommunal beredskapsplan.
- Vi har oppretta abonnement fra alternativ mobiloperatør. Og blir bruka av teknisk vakt, samt brukt i ipad til bruk opp mot vassverk
- Kommunen har tre satelittelefonar.
- Vi har rutine med bruk av jaktradioar
- Nødnettet er ein stor styrke for nødetane.
- Vi har laga prioriteringsliste over brukarar med heimetenester (trygghetsalarm)

Sannsynlegheit

A B C D E Forklaring

					X	>90% (svært høg) sannsynleg at hendinga vil inntreffe i løpet av 100 år
--	--	--	--	--	---	---

Begrunning for sannsynlegheit

Klimaendringar, systemas sårbarheit og aukande ytre truslar danner grunnlaget for sannsynlegheitsnivået.

Sårbarheitsvurdering

Dagens samfunnet er svært avhengig av tele og datakommunikasjon. Oppstår det brot eller bortfall på denne infrastrukturen, kan det føre til vanskar med å utføre samfunnsvitale funksjonar. Både kommune og næringsliv må planlegge med ein risiko for at denne type kommunikasjon kan svikte.

Så å seie alle er no avhengig av mobiltelefon gjennom arbeid og privat. Det vil ikkje vere muleg å nå viktige instansar slik som politi, sjukehus, brannvesenet og legevakt via mobilnettet. Innkalling av kriseleiar, Røde kors, ekstrarannskap vil vere vanskeleg. Det samme gjeld teknisk vakt, IKT-vakt og psykososialt kriseteam. Brannalarmar, heisalarmar, målestasjonar og trygghetsalarmar basert på mobiltelefoni vil ikkje fungere.

Konsekvensvurdering

Samfunnsverdi

0 1 2 3 4 5 Forklaring

Liv og helse	Dødsfall			x				1-2 døde
	Skader og sjukdom				x			6-20 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov			x				50-200 personar i 1-2 dagar.
	Forstyrningar i dagleglivet						x	Kan gi forstyrrelsar i dagleglivet i meir en 7 dagar.
Natur og miljø	Langtidsskader naturmiljø	x						
	Langtidsskader kulturmiljø	x						
Materielle verdiar	Økonomiske tap		x					
	Samfunnsmessig økonomisk tap			x				

Samla begrunning av konsekvens

Folks daglegliv vil bli berørt i betydeleg grad. Alarmoverføringar er sårbare. Viktig personkommunikasjon vil bli ramma.

Behov for befolkningsvarsling

Ja

Behov for evakuering

Nei

Usikkerheit		Begrunning
Påverknad av kommunal tenesteproduksjon		Kommunal tenesteproduksjon vil bli ramma.
Påverknad av kommunens omdømme	Låg-høg	Årsaken ligg utanfor kommunens kontroll, men kommunens omdømme vil vere avhengig av korleis hendinga handterast.
Styrbarheit	Låg	Begrunning
Overførbarheit		Alle feilsituasjonar som medfører at mobiltelefoni ikkje fungerer.
Forslag til nye forebyggjande og konsekvensreduserande tiltak: • Den enkelte verksemda må utarbeide beredskapsplanar og varslingsrutiner for bortfall av mobiltelefoni. Kommunikasjonsbehov må kartleggast og alternative kommunikasjonsmetodar må vurderast. • For kritiske tjenester bør verksemda vurdere å ha et antall innkjøpte SIM-kort fra sekundær operatør (Telia) i beredskap. • Alternative kommunikasjonskanalar - Telefoni via internett (wifi-tale) vart brukt ved hendinga 10.05.22, men må innarbeidast som ei rutine i einingane. - Standardisere på best eigna alternative kommunikasjonskanal. Lage rutinar for kva kanal ein brukar i ulike situasjonar opp mot ulike målgrupper. - Vurdere system for «manuell varsling» - Vurdere teleselskapa sitt tilbod om høgare driftssikkerheit, men det kostar ekstra. - I dag er både fiber (datanett) og mobilnett (telenett) godt utbreidd i kommunen. Det eine alternativet kan ofte ta over for det andre ved bortfall, og dette må innarbeidast i rutine blant tilsette for på best mogleg måte å vere operativ. • Utarbeide ferdige malar for SMS-varsling av innbyggjarane for kvart tenkte scenario - sjekke lokalt behov opp mot nasjonalt varslingsystem som vel no er på plass. • Utarbeide informasjonsplakat/plansje som ligg klar til bruk i faste kontaktpunkt i heile kommunen – ved bortfall av telekom/internett (viser oppmøteplassar, alternativ tenestelevering, kven-gjer-kva, osb)		

11.3 Digitalt angrep mot e-kom-infrastruktur

Nr. 3	Uønska hending: Digitalt angrep mot e-kom-infrastruktur
Beskriving av uønska hending All kommersiell elektronisk kommunikasjon blir lamma. Dette gjeld også radio- og tv-sendinger (med unntak av sendingar fra utlandet via satellitt). Scenarioet er beskrevet i «DSB, Analyse av krisescenarioar 2019». Scenario 18.2 «Digitalt angrep mot e-kom-infrastruktur». Alle e-kom aktørar er ramma, det same er all kommunikasjon via fiber og nødnett. Heile kommunen er fullstendig isolert frå all elektronisk kommunikasjon.	
Årsakar Eit logisk angrep retta mot sentrale noder i Telenors transportnett øydelegg både fysiske komponentar og viktig programvare. Alle e-kom-tenester er borte i fem døgn. Deretter følger ein periode med sviktande stabilitet som varar ein månad.	
Eksisterande tiltak (forebyggjande og konsekvensreduserande)	

Telenors beredskapsplan, Telenors SLA (Service Level Agreement), kommunal beredskapsplan, fylkeskommunal beredskapsplan.								
Vil jaktradioar fungere?								
Vi har tre satelittelefonar								
Vi har laga prioriteringsliste over brukarar med heimetenester (trygghetsalarm)								
Sannsynlegheit		A	B	C	D	E	Forklaring	
				X			10-39% (låg) sannsynleg at hendinga vil inntreffe i løpet av 100 år.	
Begrunning for sannsynlegheit Vurderinga fra DSB «Analyse av krisescenarioer 2019» blir lagt til grunn for sannsynlegheit. «Sannsynlegheita for tilsikta hendingar blir ikkje vurdert konkret i AKS. Noen få aktørar har kapasitet til å gjennomføre eit vellukka cyberangrep som skissert i dette scenarioet, med det er ingen kjent intensjon.»								
Sårbarheitsvurdering «Analyse av krisescenarioer 2019» beskriv korleis e-kom-bortfall påverker andre kritiske samfunnsfunksjonar. Konklusjonane fra sårbarheitsanalysen viser at tre samfunnsfunksjonar blir påverka i «svært stor grad», to i «moderat grad» og to i «middels grad». Svært stor grad: Indirekte økonomiske tap, Sosiale og psykologiske reaksjoner, Påkjenninger i dagliglivet Stor grad: Direkte økonomiske tap, tap av demokratiske verdier og nasjonal styringsevne. Middels grad: Dødsfall, Alvorleg sjuke og skadde.								
Konsekvensvurdering								
Samfunnsverdi		0	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall					x		Manglande mulegheit til å ringe etter ambulanse og varsle nødetatar ved akutte hendingar
	Skader og sjukdom					x		200–300 alvorleg skadde og syke som følge av utsett behandling eller feilbehandling.
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggande behov						x	Forsinkelsar i vare- og persontransport vil gi mangel på mat og medisiner.
	Forstyrringar i dagleglivet						x	Manglande tilgang til tele- og datatenester og betalingsmidlar. Manglande informasjon fra myndigheitene.
Natur og miljø	Langtidsskader naturmiljø							Ikkje relevant
	Langtidsskader kulturmiljø							Ikkje relevant
Materielle verdiar	Økonomiske tap						x	Usikkert
	Samfunnsmessig økonomisk tap						x	Usikkert
Samla begrunning av konsekvens Totalt sett store (til svært store) konsekvenser								
Behov for befolkningsvarsling		Ja						
Behov for evakuering		Nei						
Usikkerheit	Lav	Begrunning						
Påverknad av kommunal tenesteproduksjon		All kommunal tenesteproduksjon vil bli ramma.						

Påverknad av kommunens omdømme	Lav - Høg	Årsaka ligg utanfor kommunens kontroll, men kommunens omdømme vil vere avhengig av korleis hendinga blir handtert.
Styrbarheit	Lav	Begrunning
Overførbarheit		Alle situasjonar som medfører at ein mister tilgang til kritiske IT-system og telefoni.
Forslag til nye forebyggjande og konsekvensreducerande tiltak: Alle tjenesteeigarar må gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar for å kartlegge korleis bortfall av elektronisk kommunikasjon vil ramme innanfor eige ansvarsområde. På bakgrunn av ROS-analysen må tjenesteeigarar utarbeide kontinuitetsplanar.		

11.4 Bortfall av elektrisk kraft, svikt/ stans i energiforsyninga

Nr. 4		Uønska hending: Bortfall av elektrisk kraft, svikt/ stans i energiforsyninga							
Beskriving av uønska hending Kraftig vind, med orkan styrke i vindkastene, større hendingar i strømnettet og strømforsyningen til store deler av kommune blir satt ut av spill i fleire dagar..									
Årsaker - Naturhendingar - storm, sterk vind - Store snømengder, kulde med is- og snølastar, tordenvær/lynneslag og skred. - Tekniske feil - Overbelastning - Brann i større trafoanlegg/koblingsstasjonar.									
Eksisterande tiltak (forebyggjande og konsekvensreducerande) Aggregat på sjukeheimen på prioriterte kursar. Aggregat på vassverk og pumpestasjonar. UPS på serverrom (kommunehus og sjukeheim)									
Sannsynlegheit			A	B	C	D	E	Forklaring	
					X			40-69% (middels) sannsynleg at hendinga vil inntreffe i løpet av 100 år	
Begrunning for sannsynlegheit Nettselskapa har vist stor evne til å reparere og få i gang straumforsyninga fort. Også gjennom samkøyringar. Hendinga er sannsynleg og kan inntreffe. Imidlertid har straumbrot i kortare periodar forkome siste åra. Frå nokre minutt til ein time.									
Sårbarheitsvurdering									
Konsekvensvurdering									
Samfunnsverdi			0	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall					X			
	Skadar og sjukdom					X			
